

Nytt liv for Stemneplassen?

19.03.2014



Over og under: Det er gjort ein stor dugnadsinnsats opp gjennom åra

Uskedal Friluftslag ved leiar Ove Magne Myhre og skrivar Kristian Bringedal har teke initiativ for å gje ein perle i bygda eit nytt liv. Det gjeld Stemneplassen, som er unik i kommunen med sin sentrale plass men som ikkje er nytta slik den burde i dei seinare åra.

Under eit førebuande møte på plassen ikveld var deltakarane samde om å kalle dei 10 laga som utgjer friluftslaget inn til eit utvida årsmøte 31. mars.

Før møtet vil ein freista å engasjera nokon som vil gjera ein innsats.

Stemneplassen er ikkje berre ein plass, det er eit 9 mål stort naturområde under Skårhaug. Vegetasjonen bør ryddast meir og området leggst betre til rette for aktivitet, vart det påpeika under møtet.

Ellers vart det streka under at ein bør gå attende til opphavet til plassen som grunnlag for nye tiltak og oppfrisking av gamle. Til dømes vart det understreka at plassen bør få att ein sentral plass i 17.maifeiringa. Den var før eit høgdepunkt i året saman med Jonsokmarkeringa.

Det vart erkjent på møtet at stemnebegrepet i tradisjonell forstand er svekka og avløyst av prosjekt og det bør dei ansvarlege for plassen også ta konsekvensen

av. Kven vil bli med i prosjektgruppa som kan kartleggja situasjonen og peika ut naudsynte tiltak?

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

